



Eigill Moritz Mjø
Elsesro 27
5042 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3794 - 16/11818

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
02.05.2016

Gbnr 188/11 Gjervik. Melding om vedtak i sak 050/16.

Klagen dykkar over vedtak i sak 010/16 er handsama som sak 050/16, og det vart gjort følgjande vedtak:

Lindås kommune har vurdert dei argumenta som er sett fram i klagen datert 15.mars 2016. Kommunen finn at det ikkje er komme fram nye argument som gjev grunnlag for å endre syn med omsyn til frådelling av parsell til å etablere ny fritidsbusetnad. Med heimel i §20-1 i pbl gjev kommunen ikkje løyve til å dele frå 1130m2 frå gnr.188 bnr.11 til fritidsføremål, slik det er søkt om.

Lindås kommune har vurdert på nytt spørsmålet om dele frå ein tilleggsparsell til gbnr.188/9. Etter at parsellen er redusert, finn kommunen at det er grunnlag med heimel i pbl §20-1 for å gje løyve til å dele frå 280m2 frå gnr.188/11 slik det er søkt. Med heimel i §19-2 finn kommunen grunnlag for å gje dispensasjon frå gjeldande plan og frå LNF føremålet til å dele frå 280m2 frå gnr.188 bnr.11. Parsellen skal vere tillegg til alt eksisterande tomt gnr.188 bnr.9.
Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.

.....
Som det går fram av vedtaket, er avgjerda todelt. De har fått medhald i spørsmålet om å dele frå ein parsell på 280m2 som tillegg til eksisterande fritidseigedom 288/9.

Når det gjeld spørsmålet om å få dele frå ny tomt for fritidsføremål, vart klagen ikkje teke til følgje. Dette spørsmålet vert no sendt over til fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Frådelling av parsellen på 280m2 må vere gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling vart gjeve, elles fell løyvet bort, jf. Pbl § 21-9.

For sakshandsaminga i kommunen skal det betalast gebyr. I samsvar med gegyrregulativet for 2015, vert sendt ut følgjande gebyr:

Dispensasjon frå arealføremålet i gjeldande plan	kr. 8400,-
Deling som ikkje er i samsvar med arealføremålet	kr. 6200,-
Sum	kr.14600,-

Krav om gebyr vert sendt frå kommunen i eige brev.



Delingssaka vert lagt over til geodataavdelinga, og dei vil ta kontakt for å gjennomføre oppmålingsforretninga.

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Eigill Moritz Mjøs

Elsesro 27

5042

BERGEN